



## ÅRSMELDING 2022

### **Styret har bestått av:**

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett Espevoll (nestleiar), Venke Særsten (kasserar), Tone Helen H. Halleraker (skrivar), Rita Kristine Aaker (styremedlem), Johannes Holten Leifsen (vara), Daniel Roda Espevoll (vara).

Styret har ikkje hatt fysiske møte i 2022, men kommunisert og hatt møte via lukke Facebook-gruppe «V.U.L styret». Det har vore kalla inn til men det har vore vanskeleg å få til møte dette året. Likevel har VUL behandla ein del fortløpande saker på ein god måte.

VUL har som vanleg mål å skapa liv og aktivitetar for barn, unge og eldre i bygda, og i den samanheng er laget med på å gi støtte til ulike prosjekt som gir rom for dette. Også dette året har VUL gitt støtte til lønsutgifter til instruktør for dansekurs for småskulen.

Noko inntekt har me hatt på utleige av lyd – og lysanlegg dette året. Det er ikkje gjort større investeringar på dette området dette året.

Når det gjeld lager og struktur på lyd- og lysanlegg så slit VUL med å ha kontrollen på dette framleis. Det er oppretta ei eiga VULyd gruppe som skal få tilbake kontrollen og vidareutvikla dette framover. Det er ikkje kjekt å sjå på alt det gode utstyret forfalle.

VUL har ikkje fått arrangert så mykje som me ønskte dette året heller, men danseoppvisning og HalloVen fest blei det, og tilbagemeldingane var gode på begge arrangementa. Det var ikkje sommarfestival i 2022, så vårt faste innslag med Kaptein Hjørnetann utgjekk også dette året. Den planlagde PuQuizen i november blei avlyst, men me håpar på nytt arrangement i 2023.

### V.U.L har søkt og fått desse midlane i 2022:

- Frifondsmidlar: 18.238 kr
- Aktivitetsstøtte Rogaland Ungdomslag: 8.000 kr
- Sparebanken Vest, ildsjelfondet: 10.000 kr
- Driftstilskot Vindafjord kommune: 10.000 kr
- MVA kompensasjon: 3.878 kr

Dette året fekk VUL heile 9.244 kr kroner som Grasrotmottakar, som er veldig bra. Det var omtrent det same som året før. Me håpar etter kvart fleire set VUL som grasrotmottakar, dette er midlar som kjem vel med. Takk til dei som har hatt VUL som Grasrotmottakar.



Den 25. – og 26. mars 2022 inviterte Rogaland Ungdomslag årsmøte og seminar i Stavanger. VUL stilte ikkje med delegat på dette årsmøtet

Vikedal bygdahus gjennomførte ikkje fysisk årsmøte for 2022, så ingen representasjon frå VUL si side her heller.

Sandeid barneteater inviterte VUL til «Reisen til julestjerna» 3. desember, her var VUL representert med eit styremedlem. Gratulerer til SUL nok ein gong for flott gjennomført barneteater.

UL Skjoldafjord feira 100 årsjubileum i 2022 med revy og VUL fekk invitasjon og stilte med to styremedlem på dette arrangementet. Takk for invitasjon og gratulerer til UL Skjoldafjord for flott revy.

VUL har elles vore med i valnemnda for Rogaland Ungdomslag saman med Kvinnesland og BUL fram mot årsmøtet i RU 2022.

Alt i alt eit roleg år med grei flyt og aktivitet.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt år med mykje kjekk aktivitet for barn og unge i Vikedal og omegn.

**Takk for i år!**

19.02.23

**Nils Erik Eide**

Leiar Vikedal Ungdomslag